

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Agdenes

Emne: Julenissen.

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva.

(adresse): Fenes
(myt posthus)

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenissen har det vore kala om i minst 70-80 år; men han var ikkje å sjå så lauff attunde i tida. Frå kring 1900 har han vore å sjå ute om kveldan, når han fór ikring lura og sette stikk i tingar og i nokon mon også i eldre folk. Det er fyrst i seinare tid han har vore inne med gåvor - i dei siste ca. 20 år. Stikken med at julenissen skulle koma inn med gåvor er kome helst mest ved norske folk i Amerika; men også ved julekort og julebøker. - Det er mest på festar julenissen møter, meir sjeldan i heimeane.
2. Når denne nissen kjem åt heimeane, har han med seg og deler ut alle dei gåvor han har fått baki i, og da er det mest gøynlege ting. Men når han er på festar, deler han ut, åt borna mest, helst godter slikt som dropp, sjokolade, frukt, o. l.
3. Det er yngre vaksne - med godt humør - som skeller seg tom julenisse. Størleiken er det som regel ikkje så nøgje med, men han skal helst vera kroyssam.
4. Rand foppheve må han ha, og stort kvitt eller lyst skjegg. Liten på kledan elles er det ikkje så nøgje med. Ein lek det som er helst for banda

men helst frakke med belte eller fæng kring
livet. På føtterne suolabba, eller fime skalla.
Gjorne band kring lücksa wdaufes knæet, sjølv
om det ikkje er knelücksse. Han skal ha stav.

5. Maske, skjegg o. l. bli kjøpt. Resten av utstyret
bli leita fram av det som finnst i huset.
6. Å gå julebukke er ei meir handlungd framferd. Dei
bruker maske og kle seg ut meir skremmeleg, da
det helst er meininga å setja skokk i folk, om
det kunde vera mulig.
7. Julebukken deler ikkje ut gævor. Han kjem sjeldan
inn i husa, men bankar i veggjen og koster
framom vinduet, så iungen skrik og gjøymmer
seg hos dei vaksne. Han kjem ikkje med gævor.
8. Julemidsom i vår Tid er den same som den
gamle dei bar grant åt på Låven. Men
"Luffen" er av ei anna slekt.
9. Det har vore fela om at julegævor kjem nær
inn sett utanfor huset, eller sett fram på sove-
romet noko tid å legge gævene i; men her
veit eg ikkje av slikt har vore prøvd. 5788